2025.10.10 WWF høyringsinnspel Forslag til forskrift om tilskudd til naturrestaurering

Oppsummert:

WWF takkar for høve til å gi innspel på forslag til forskrift om tilskudd til naturrestaurering. Vi er positive til ei slik forskriftsfesting og synes forslaget er godt utarbeidd.

Vi ønsker imidlertid ei klargjering av grensegangen mellom denne tilskotsordninga og forskrift om berekraftig skogbruk (berekraftforskrifta). Restaurering av granplantasjer tilbake til naturlege skogøkosystem med lauvtre eller ei blanding av furu og lauvtre kan kome i konflikt med foryngingsplikta i berekraftforskrifta (§ 7). Restaureringa kan også utløyse søknadsplikt til kommunen dersom skogen skal restaurerast til eit skogøkosystem med mykje lauvtre (§ 5, åttande avsnitt).

Klargjeringa kan til dømes løysast ved å inkludere ei slik formulering:

"*Utføres en aktivitet i henhold til tilskudd fra offentlig myndighet, er det ikke nødvendig med tillatelse til godkjenning av treslagsskifte og til foryngingsplikt etter forskrift om berekraftig skogbruk (§ 5 og § 7), så lenge forutsetningene for tilskuddet er oppfylt.*"

Nærare om potensiell konflikt med berekraftforskrifta:

- Berekraftforskrifta § 7 "*Krav til tilfredsstillande forynging"* seier at *"ved vurdering av minste lovlege planteal reknast berre som teljande treslag som utnyttar veksttilhøva på veksestaden best, og som kan gi ein tilfredsstillande produksjon av virke, både når det gjeld volum og kvalitet*." Det betyr at gran vil vere einaste teljande treslag i mange av områda med granplantasjer som er aktuelle for restaurering. Dette fordi gran vil vere treslaget som nyttar veksttilhøva på veksestaden best i eit produksjonsperspektiv. Ei restaurering som involverer fjerning av gran og planting av til dømes furu og ein variasjon av lauvtre, kan difor medføre brot på foryngingsplikta.

  Vi vil sterkt oppmode om at restaurering blir vekta tyngre enn foryngingsplikta i handsaminga av slike saker, og at denne vektinga blir gjort tydeleg i den nye forskrifta. Foryngingsplikta skal kun vareta éi økosystemteneste; tømmerproduksjon, medan restaureringa vil bidra til fleire; biologisk mangfald, klimatilpassing, friluftsliv, karbonlagring.

- Berekraftforskrifta § 5 "*Miljøomsyn ved skogbrukstiltak*", åttande avsnitt seier at "*I skog der volumet av bartre utgjer meir enn halvparten av det totale volumet i*

bestanden før hogst, kan skifte av treslag frå bar til lauv berre skje etter godkjenning frå kommunen.". Ein restaureringsplan med omdanning av granplantasje til eit variert skogbilete med stort innslag av lauvtre, vil altså medføre ei søknadsplikt til kommunen. Plikta vil ligge hjå skogeigar.

Vi ber departementet fastslå at denne plikta vil falle bort for dei skogeigarane som skal restaurere med støtte frå tilskotsordninga. Vår oppmoding er at departementets godkjenning av ein restaureringssøknad med treslagskifte som faller under denne bestemmelsen, også er eit løyve til treslagskiftet. Følgeleg vil det ikkje vere naudsynt med godkjenning frå kommunen.

Ei klargjering av desse to punkta ser vi som avgjerande for at den nye tilskotsordninga skal kunne nyttast til viktig skogrestaurering på Vestlandet og andre område der tett granplanting i etterkrigstida har forringa skogøkosystem i stor grad. Dette veit vi er noko fleire skogeigarar ønsker å ta tak i, men utan å ha finansieringa til å setje i gong. Tilskotsordninga kan gi dei den naudsynte finansieringa – gitt at dei ikkje blir stoppa av konflikterande krav i berekraftforskrifta.

Med venleg helsing,

WWF Verdens naturfond

v / Malene Vågen Dimmen